



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.04.2024

Vår ref:

2024/3830

Dykkar dato:

01.03.2024

Dykkar ref:

202222167

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Motsegn til søknad om regulering av Selsvatnet og auka slukeevne i Selselva kraftverk i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren fremjar, i medhald av vassressurslova § 24 tredje ledd, motsegn til søknaden om regulering av Selsvatnet og auka slukeevne i Selselva kraftverk.

Den planlagde tilleggsreguleringa vil føre til inngrep i eit svært viktig friluftsområde og forringe ein raudlisteart knytt til elva, og vil berre gi eit lite energiutbyte. Vi meiner at ei slik utbygging vil stride mot premisser som blei lagt i den eksisterande konsesjonen.

Vi viser til høyringa av søknadane om nye vasskraftprosjekt i Selselva og Hundsåna. Denne fråsegna gjeld førstnemnde prosjekt, og vi vil sende fråsegn om Hundsåna kraftverk i eit eige brev.

Omtale av søknaden

Det er søkt om å få regulere Selsvatnet mellom kote 840 og 841, og til å auke den maksimale slukeevna i Selselva kraftverk frå 1,05 til 1,3 m³/s. Hovudføremålet er å minske flaumtapet over inntaksdammen, og til å kunne optimalisere produksjonen gjennom døgnet. Terskelen som må byggjast vil bli inntil 80 meter brei. Det skal ikkje byggjast nye vegar. Magasinet vil sikre ca. 10,7 døgn drift av kraftverket. Den årlege energigevinsten vil auke med 3,3 GWh. I bakgrunnsnotatet for konsesjonsvedtaket for Selselva kraftverk, er det lagt til grunn ein årleg energiproduksjon på 18,9 GWh.

Vår vurdering

Selsvatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde, nært ved, og godt synleg frå, turruta til Kvamshesten (Storehesten), som er ein svært populær fjelltopp. Turen dit er omtalt på [UT.no](https://www.utt.no) og i boka «Opptur – 267 fotturar i Sogn og Fjordane». «Majestetisk og stort reiser fjellet seg ovanfor Bygstad og er eit naturleg turmål», ifølgje sistnemnde kjelde, og utsikta frå toppen er omtalt som kanskje den beste i heile Sunnfjord. Første del av ruta til toppen inngår i rutesystemet i fjellmassivet, og til overnattingshytter (Masbu). Toppen er landskjent, og friluftsjentessene her har etter vår vurdering nasjonal verdi. Det er òg geologiske interesser knytt til dette fjellområdet.

Dei store landskaps- og friluftsjentessene blei vektlagt i konsesjonsvedtaket for Selselva kraftverk. Det blei gjort fleire justeringar under konsesjonshandsaminga for å redusere landskapsinngrepa, og konflikhtar med turruta til Kvamshesten. Det blei lagt vekt på at damkonstruksjonen blei trekt så langt

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



tilbake frå knekkpunktet i terrenget at den ville bli lite synleg på avstand, og ikkje direkte synleg frå eksisterande turruter.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for vasskrevjande flora, insekt og fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Magasinregulering og auka slukeevne vil gje sjeldnare og mindre flaumar, og auka døgnvariasjon som skal optimalisere kraftproduksjonen, vil gje raskare endringar av vasstanden nedstraums kraftverket enn i dag. Miljørapporten omtalar at dette «med stor sannsynlighet» vil påverke bestanden av kystfloke (NT) negativt. Arten lever i flaumsona, og vurderinga i rapporten er påverknadsgrad «forringa», då det er usikkert om, og i kva grad, den vil kunne tilpasse seg nye endringar. Konsekvensane for fossefall kan avbøtast ved å plassere ut hekkedasser på gunstige stader.

Selselva kraftverk blei bygt utan omløpsventil, då det ble lagt til grunn at relativt god restvassføring gjennom elva frå Bergsvatnet ville vere tilstrekkeleg for å unngå negative verknader for sjøaure og eventuell laks i elva nedstraums. Eit magasinkraftverk, og med auka slukeevne, vil gje reduserte flaumar og gje hyppigare variasjon i vassføringa. Dette kan påverke fiskevandringa negativt, og gyte- og oppvekstareal kan få redusert verdi. Dette er ikkje omtalt i miljørapporten eller i søknaden.

██████████ kongeørn ██████████ kan bli påverka av anleggsarbeid og helikopterflyging knytt til eventuell dambygging i hekkeperioden frå midt i februar til juli. Dette er ikkje til hinder for eventuelt å gje konsesjon til vidare utbygging, men det må stillast krav om å ta kontakt med oss for å avklare restriksjonar og eventuell flygerute. Når det gjeld villrein, viser vi til høyringsfråsegna til villreinnemnda.

Selselva kraftverk blei i si tid bygt som eit reint elvekraftverk, og tilpassa mellom anna viktige landskaps- og friluftsjakter. Eventuell regulering av Selsvatnet som kraftmagasin vil flytte inngrepa opp i eit landskapsrom det blei lagt vekt på å halde inngrepsfritt. Dersom det blir gitt konsesjon til reguleringa, vil dette bryte med ein viktig premiss, som må liggje til grunn for eventuelle framtidige planjusteringar.

Vi meiner det er uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere auka inngrep og vassutnytting i disfavør av allmenne interesser.

Konklusjon

I denne saka vil ei vidare utbygging få konsekvensar for viktige landskaps- og friluftsjakter og forringe ein bestand av den raudlista arten kystfloke. Eventuelle negative konsekvensar for anadrom fisk er ikkje undersøkt.

Den eksisterande utbygginga gir eit relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget, medan endringane berre vil gje ein liten energigevinst, og som ikkje kan seiast å auke mengda regulerbar kraft.



Statsforvaltaren fremjar, med heimel i vassressurslova § 24 tredje ledd, motsegn til søknaden om vidare utbygging av Selselva.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Postboks 338

Postboks 7900

Postboks 5672 Torgarden

6802

5020

7485

FØRDE

BERGEN

TRONDHEIM